

Arkitekt Mette Kyed Thorson  
Kvalen 16  
5955 LINDÅS

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 20/15639 - 22/22696

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
18.03.2022

## Endringsvedtak - endra plassering av naust - gbnr 83/1 fest. 2 Spjotøy

**Administrativt vedtak:** **Saknr: 312/22**  
**Tiltakshavar:** Kirsten Emilie Nævdal  
**Ansvarleg søker:** Arkitekt Mette Kyed Thorson  
**Søknadstype:** Søknad om endring av tiltak

### VEDTAK

**Søknad om endring av løyve i sak 20/15639, datert 12.09.21 vert godkjent. Endring gjeld flytting av naust mot nordaust, slik det er vist i situasjonsplan datert 27.01.21.**

**Vedtaket er hjemlet i plan- og bygningslova §§ 20-1 a), jf. §20-3.**

### Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av gitt løyve til , jf. vedtak datert 13.09.21. Endringa gjeld flytting av naust mot nordaust, slik det er vist i situasjonsplan datert 27.01.21. Dette er grunngjeva i naturleg tilpassinga til eksisterande terrenget på staden, slik at tiltakshavar skal unngå sprenging.

Sak 20/19259 og sak 20/15639 må sjåast i samanheng. Begge sakene gjeld bygging av det same doble naustet, men det er ulike tiltakshavarane i dei to sakene. Ansvarleg søker har sendt inn felles skildring i begge sakene og sendt inn separate søknader for kvart naust. Kommunen har registeret ein søknad for kvart naust – sak 20/19259 og sak 20/15639, men vurderinga i sakene om oppføring av to naust i form av dobbelt naust vert likelydande.

Søkjar kjem med slik grunngjeving til endra plassering:

Søknad om dobbelnaust har vært igjennom en lang prosess, og jeg beklager at denne justeringen kom i tillegg, men det er følgende grunner til å rotere naustet:

- Dobbelt naustet plasseres parallelt med fjellsidene i vågen, og man unngår derved å spreng ut på sørvestlig hjørne av naustet.
- Naustet plasseres i forlengelse av veien og det blir mulig å komme seg rundt naustet på begge sider.

Det vert elles vist til søknad mottatt 04.02.22.

### **Sakshandsamingsfrist**

Søknaden var komplett når den vart motteken og frist for sakshandsaming er 3 veker fra den dato.

### **Planstatus**

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel for Lindåsosane, Lygra med Lurefjorden er definert som #10 LNF-spreidd nausteområde på Spjotøy. Delar av naustet kjem utanfor område #10 og det ble gjeve dispensasjonen for plassering utanfor dette området.

### **Vurdering**

#### **Dispensasjon**

Tiltaket krev ikkje ny dispensasjon då flytting er uvesentleg og medfører naturleg tilpassing til eksisterande terrenget.

Tidlegare ble det gjeve dispensasjon frå både §1-8 og frå LNF-føremål i saka 036/21.

### **Uttale frå anna styresmakt**

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er ikkje nabovarsla.

Det vert gjeve fritak for varsling då grunneigaren av gnr. 83/1 har samtykka til omsøkt plassering den 30.01.22.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 27.01.21.

### **Vatn og avløp (VA)**

Ingen endringar i forhold til gitt løyve.

### **Tilkomst, avkjørsle og parkering**

Ingen endringar i forhold til gitt løyve.

### **Terrenghandsaming**

Situasjonsplanen viser ny plassering av naustet. Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terrenget, og plassering i høve terrenget.

## **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Når det gjeld visuelle kvalitetar har kommune ingen merknad då tiltaket skal tilpassast terrenget og omfanget på terrenginngrep vert minimalt.

## **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med byggteknisk forskrift.

## **Avfallsplan**

Tiltaket har ikkje krav til avfallsplan.

## **Privatrettslege tilhøve**

Kommune vurderer at tiltaket er i tråd med privatrettslege tilhøve.

## **Regelverk**

- Endring av tiltak er søknadspliktig etter plan- og bygningslova (tbl) §§ 20-3/20-4, jf. 20-2, jf. 20-1.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Tiltak skal nabovarslast i samsvar med tbl. § 21-3.
- Krav til visuelle kvalitetar i tiltaket går fram av tbl. § 29-2.
- Tiltak skal oppførast i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK), jf. tbl. § 29-5.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve, jf. tbl § 21-6.

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

## **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl).

Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

## **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. tbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løvværet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. tbl. § 21-6.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstypesmakta.

### **Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 20/15639**

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Arkitekt Mette Kyed Thorson  
Kirsten Emilie Nævdal

Kvalen 16                5955  
Myrdalsvegen            5130  
46 K

LINDÅS  
NYBORG